



Referat

Underutval for barn og unges psykiske helse, Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	30.09.21 Kl. 12:00
Møtestad:	BUP Voss/Teams
Møteleiar:	Gunnlaug Lekve
Til stade:	Anne Myklaton (Eidfjord), Gunnlaug Lekve (Ulvik), Elise Rognsvåg (Kvam), Anne Karin Laupsa Nes (Kvam), Marianne Røynesdal (BUP Voss), Sveinung Hellesen Nygård (Voss) og Sissel Berg (BUP Voss)
Fråfall utan vara:	Bridget Penny (brukarrepresentant), Jill Bru Johansen (Vaksdal), Ruth Helene Garmann (BUP Voss) og Kjell R. Stien (Voss)
Referent:	Sissel Berg

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
5/21	Godkjenning av innkalling Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga. Kommentar: Elise Rognsvåg overtek som representant i underutvalet for Kvam og skal ha innkallingane framover.	V		
6/21	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
7/21	Aktuelt frå medlemmane i underutvalet Kvam: <ul style="list-style-type: none">• Fokus på BTI.	O		

- Har tilsett spesialpedagog i alle barnehagane for arbeid med tidleg innsats.
- Foreldrestøtteprosjekt: COS-P, Emosjonsfokusert foreldrekurs, Trygg til handling.
- PPT har tilsett ny spesialpedagog.

Voss:

- Marta Egdetveit er tilbake i stillinga som leiar for helsestasjonen.
- Voss herad skal gje born, som har vore på krisesenter, raskt tilbod om oppfølging hjå kommunepsykolog. Dette er no starta opp, men det er ikkje nokon stor pågang.
- Fylkeskommunen ynskjer å kjøpa psykologteneste i 50 % stilling til dei vidaregåande skulane på Voss.
- Arbeidet med kommunedelplan for tidleg innsatsarbeidet i Voss herad vert leia av Sveinung H. Nygård. Skal formelt godkjennast i november. Skal kartlegge og få oversikt over kva tiltak Voss herad kan tilby. Mål om å få til meir førebyggjande arbeid og mindre reparasjon.

BUP:

- Har 39 % auke i tilviste pasientar som har rett til helsehjelp samanlikna med 2019. Får tildelt ressursar, men det er mangel på psykologar.
- Fokus på pasientflyt. Må avslutte pasientar som er ferdigbehandla på BUP og som kan klare seg med hjelp frå 1. linja.
- Ikkje kapasitet til planlagde innleggingar på Barneposten og Ungdomsposten no, då Akuttposten må nytte senger der.
- Nyoppretta pedagogstilling (1,5 linjeteneste) vert snart lyst ut. Skal arbeide tett med kommunane i forhold til ADHD-pasientar.

	<ul style="list-style-type: none"> • Det vil bli arrangert ADHD grupper for ungdom i fleire av våre samarbeidskommunar frem mot sumaren. • Er gjennomført ADHD-kurs for lærarar i Kvam. <p>Ulvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kommunepsykolog på plass ein dag i veka. Har to pasientkonsultasjonar på føremiddag og rettleiing, kurs og liknande på ettermiddag. • Det er tilsett konstituert helsesjukepleiar i % stilling. Skal jobbe i prosjekt BTI og helsestasjonen. • Skulen har starta med varmt måltid ein dag i veka på omsorgstunet. Har fått prosjektmidlar til dette. • UDIR har oppfølging av skulen på grunn av dårleg resultat på nasjonale prøvar i lesing. Skal implementere Leselos. <p>Eidfjord:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ting er meir tilbake til normalen etter koronaen. Men merkar at ein del elevar har utvikla meir angst og usikkerheit og har behov for samtalar med helsesjukepleiar og kommunepsykolog. • Jentekafé for jenter i ungdomsskulealder startar opp att. • ICDP – Har søkt om midlar i lag med Ulvik. Har fått tilsett ein person i barnehagen. Håpar på fleire. Helsesjukepleiar er meir i barnehagen. 			
8/21	Helse Fonna-prosjektet Saka utgår.			
9/21	Ymse <ul style="list-style-type: none"> • Psykisk helsevern i framtida - prosjekt Marianne Røynesdal (BUP) er med i gruppa. Simon Øverland er prosjektleiar. Medlemane i underutvalet vert invitert til å vera med på møte på Bikuben på Haukeland 13. desember. 	O		

	<ul style="list-style-type: none">• Neste møte 02.12.21 kl. 13 Neste møte i underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert torsdag 02.12.21 kl. 13:00 til 15:00 på BUP. Saker til neste møte: Informasjon om SNU v/Elise Rognsvåg (PPT Kvam) og gjennomgang av mandatet til underutvalet for barn og unges psykiske helse.			
--	---	--	--	--

Tidspunkt for neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert **torsdag 02.12.21 kl. 13:00** på BUP Voss.

Ber om at medlemmene i underutvalet melder i frå dersom de ikkje har høve til å møta.